

Referat etter FAU-møte 5.11.18

Stad: Skodvin Montessoriskule, kantina

Tid: 18.00-19.30

Til stades: Kristine Lunde, Vidar Gjerstad, Hege Lie, Charlotte Grøttveit, Thomas Lilletveit, Maria Ones og Eli Sletten Solsvik.

Godkjenning av sakliste: Godkjend utan merknad.

Godkjenning av referat: Godkjend utan merknad.

6/18-19: Skuleruta for 2019-2020 er ute på høyring: Høyringsfrist 15.11. Har vi innspel til endringar?: Ønskjer å flytte planleggingsdag 2.1.20 til 3.1.20, og siste skuledag før sommarferien vert 19.6.20. Dette for å få heile skuleveker for barna. Kristine sender innspelet til rette vedkommande.

FAU støttar framlegget frå rektor og styret om ein ekstra planleggingsdag i september.

7/18-19: Oppsummering og evaluering av bingokvelden, 23.10: Det fungerte fint at 4.klasse var med dei eldste. Meir ro på den minste gruppa. Platekake var veldig populært, det vart for mykje bollar. Platekake og pizzabollar er å tilrå til neste år. Positivt å få hjelp av dei eldre barna i kiosken. FAU fekk inn Ca 8000kr i inntening.

8/18-19: Kva skal vi gjere for å skaffe oss inntekter? Vi ønskjer å jobbe med uteområdet på skuleplassen, og treng difor inntekter slik at vi kan kjøpe nytt leikeapparat. Spleis?: Vi ønskjer å prøve spleis, eller ein type privat spleis. Hege undersøker pris på ulike leikeapparat, og gir tilbakemelding til Kristine så snart som råd.

Innsamling bør skje etter jul. Vi bør ha nokre personar som tek hovudansvar. Kristine, Charlotte og Maria tek på seg dette. Dei kjem med oppdatert informasjon til neste FAU-møte 14.1.19.

Thomas undersøker om ein kan søke om midlar frå ulike organisasjonar.

9/18-19: Innspel og reaksjonar frå foreldre på auke i matpengar: Det er komen nokre tilbakemeldingar på auka foreldrepengar:

- Har vore heva før, er ikkje første gong det vert heva
- Kvifor betale for 11mnd? Elevane betalar då for 1mnd dei ikkje er på skulen.
- Er i ferd med å bli for dyrt, spesielt for dei med fleire ungar på skulen.
- I følge årsmøtet til styret, så går matbudsjettet i pluss.
- For den prisen bør det vera fleire dagar med varm mat til elevane.

Eli tek desse med tilbake til neste styremøte. Men FAU står bak styret si auke i foreldrebetaling. Forslag: Meir informasjon om kva ein får for pengane ein betaler inn.

10/18-19: Julefesten onsdag 5. desember 2018: Føresette i 4. og 6. klasse har ansvar for arrangementet. Dei må planlegge korleis det skal fordelast med baking og tillaging. Vidar og

Charlotte, med vara Kenneth og Veslava planlegg dette.: Festen blir 5.12 klokka 17.30. Vidar sender ut skriv til føresette i 4. og 6.klasse. Tek med erfaring frå bingo; platekake framfor bollar.

Anna/info:

- FN-flagget er overrekt til skulen via elevrådet.

Skodvin 6.11.18

Skrivar

Eli Sletten Solsvik